



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd 12. januar 2022

Tilstades: Tonje Førde Systad, Toril Lange, Torunn Styve, Katrin Ringereide Borlaug, Monica Sunde Tjønnås, Rolf Aamot, Wenche Liljedal, Karl Hjelmeland

Ord til opning v/ Karl Hjelmeland Tema: Namnet Jesus

Innkalling, referat og sakliste vart godkjende utan merknad..

Meldingssaker:

01/22: Sidan sist.

Fellesrådsmøte 9. desember. Referat vart gjennomgått

Evaluering av arrangement: Julaftangudstenesta vart gjennomført etter smittevernreglane med totalt 30 stk tilstades.

Gjeldande smittevernsreglar: Vi kan vere 50 stk på gudsteneste med tilviste plassar; vaksne må bruke munnbind ved forflytting.

Vedtaksaker:

01/22 Val av leiar og nestleiar Attval av Leiar Toril Lange og nestleiar Tonje Førde Systad
Valet gjeld for 1 år

02/22: Gudstenesteplan med klokkar og kyrkjevertar.

Sjå vedlagt gudstenesteplan

03/22: Aktivitetar – vinter/vår 2022:

9.februar: Mat og prat på Alværa. Audun Systad innleier til samtale om eit tema rundt Krossen før/no, symbolikk. Måltidet vert brød og diverse pålegg. Monica og Torunn/evt Katrin

30. mars: Årsmøte/årsfest. Oppgåver vert fordelt på neste møte.

3.-5. april: Fasteaksjonen. Uvisst korleis denne kan gjennomførast –konfirmantar evt pluss soknerådsmedlemmer. Dette avheng av kva smittevernrestriksjonar som gjeld.

14. april: Påskemåltid planlegg vi på neste møte.

Dugnad på kyrkjegarden – evt utfordre kyrkjetenearane til å lage liste over aktuelle oppgåver samt kall einn til dugnad ein gong etter påske.

Aktivitetar for born/unge

15. jan: Tårnagentsamling/ 16. jan: Tårnagentgudsteneste

14.januar: Fredagskveld på Alværa: 5.-7. klasse

T-dag: 2.-4. klasse: Onsdag føremiddag: 16. febr og 16. mars - Alværa

Myldresamling – førskuleborn: 9. febr, 2. mars og 23. mars – Kyrkja

Vi vil prøve å få til ei form for påskevandring rundt kyrkja – kanskje primært for barnefamiliar (t.d. påskeplakatar, oppgåver, bålpanne..)

04/22: Lavik kyrkjekontor og oppseiing av Balubarommet.

Fellesrådet gjekk inn for å behalde Lavik kyrkjekontor inntil det vert avklart om evt prest i området. Lavik sokneråd har sagt opp leigeavtalen av Balubarommet frå 1. febr 2022.

Balubarommet må avviklast og tømmast i løpet av januar – samtidig som vi må sjå på korleis vi kan korleis vi kan gjere møterommet på kyrkjekontoret meir brukarvenleg. Fyrst må vi sjekke med kyrkjevevje kva ein skal gjere med diverse inventar på konroret for å få plass til utstyr/materiell frå Balubarommet.

Plan: Onsdag 26.januar kl 10: Sortering og rydding (Toril og Torunn grovsorterer før dette)

Torsdag 27.januar kl 10: fortsette – og køyre bos til Vadheim.

05/22: Helgestunder

No er det sokneråda som er ansvarleg for innhaldet i Helgestunder. Redaksjonen består av ein representant for kvart sokneråd. Vi hadde ei ide-myldring, og skriv ideane i eige internt dokument

Ymse: Forslag om å revurdere opplegget 1.søndag i advent – ved å samordne lysmesse og tenning av julegran – gjerne med fakkeltog. Dette kjem vi tilbake til.

Neste møte måndag 7.mars kl 19-21

Lavik 12.01.2022

Torunn Styve, ref

